



## MØTEPROTOKOLL

<b>Utval:</b>	Komite for helse og omsorg
<b>Stad:</b>	Herøy helsesenter
<b>Dato:</b>	01.12.2016
<b>Tid:</b>	14:00 – 18:30

---

### Medlemer som møtte:

Bjørn Otterlei	Leder	H
Margaret Leinebø	Medlem	H
Knut Tandberg	Medlem	H
Linn-Therese Hansen Sævik	Nestleder	KRF
Gerd Kopperstad	Medlem	AP
Jens Terje Johnsen	Medlem	AP
Kaja Runde	Medlem	FOLK

---

**Andre:** Leiar barn, familie og helse Inger Marie Toftagen

Til å skrive under protokollen saman med ordføraren/leiar vart desse valde:  
Knut Tandberg og Kaja Runde.

Linn Therese Sævik og Gerd Kopperstad fekk permisjon kl. 16:50.

### Orientering/drøfting:

Omvisning og informasjon om Blå avdeling og dagsenteret for demens og psykiatri ved avd.leiar  
Julianne Higrav og avd. sjukepleiar Jorunn Johnsen

---

underskrifter

Knut Tandberg

Bjørn Otterlei

Kaja Runde

**SAKLISTE:**

Saksnr	Innhold
PS 44/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 45/16	Protokoll frå førre møte
PS 46/16	Forebyggande arbeid barn og unge 2016-2020
PS 47/16	Sak om fullkostpris i heildøgnsbemanna omsorgsbustadar
PS 48/16	Kommunal ordning for husmorvikar

## **PS 44/16 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE**

### **Møtebehandling:**

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste.

## **PS 45/16 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE**

### **Møtebehandling:**

Protokoll frå førre møte låg føre.

## **PS 46/16 FOREBYGGANDE ARBEID BARN OG UNGE 2016-2020**

### **Møtebehandling:**

Saka vert teke til vitande

Komite for helse og omsorg kom med slikt tillegg til tilrådinga:

Helse og omsorgskomiteen ser svært positivt på den framlagde planen og den nye samarbeidsforma som er vald. Komiteen saknar likevel noko konkret om skulevegring og nokre spesielle tiltak for dei familiane som er råka av det. Komiteen ber og om at det vert vurdert om den ansvarlege for flyktningsmottaket for einslege mindreårige vert representert i faggruppa. Samrøystes tilråding.

### **Tilråding i Komite for helse og omsorg - 01.12.2016**

Saka vert teke til vitande

Komite for helse og omsorg kom med slikt tillegg til tilrådinga:

Helse og omsorgskomiteen ser svært positivt på den framlagde planen og den nye samarbeidsforma som er vald. Komiteen saknar likevel noko konkret om skulevegring og nokre spesielle tiltak for dei familiane som er råka av det. Komiteen ber og om at det vert vurdert om den ansvarlege for flyktningsmottaket for einslege mindreårige vert representert i faggruppa. Samrøystes tilråding.

## **PS 47/16 SAK OM FULLKOSTPRIS I HEILDØGNSBEMANNA OMSORGSBUSTADAR**

### **Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

## **Tilråding i Komite for helse og omsorg - 01.12.2016**

Herøy kommunestyre vedtek slike prisar ved «Eggesbøtun»:

Pris for fullkostpakke vert sett til kroner 4900,-

Stykkpris for middag vert sett til kroner 100,-

Stykkpris for frukost vert sett til kroner 50,-

Stykkpris for kveldsmat vert sett til kroner 50,-

## **PS 48/16 KOMMUNAL ORDNING FOR HUSMORVIKAR**

### **Møtebehandling:**

Saka vert sendt tilbake til administrasjonen for vidare utgreiing. Saka vert lagt fram for komiteen for vidare drøfting på møtet i januar med sikte på vedtak i komiteen i møte i februar 2017.

Komiteen ber om ei brei vurdering av ulike tiltak for å ivareta familiar, og særskilt barn, som er i ein vanskeleg og traumatisk livssituasjon.

## **Tilråding i Komite for helse og omsorg - 01.12.2016**

Samrøystes tilråding i komite for helse og omsorg:

Saka vert sendt tilbake til administrasjonen for vidare utgreiing. Saka vert lagt fram for komiteen for vidare drøfting på møtet i januar med sikte på vedtak i komiteen i møte i februar 2017.

Komiteen ber om ei brei vurdering av ulike tiltak for å ivareta familiar, og særskilt barn, som er i ein vanskeleg og traumatisk livssituasjon.

**MØTET SLUTT!**